

Møtereferat

Dato: 09. sept 2022

Emne:	Næringsforum Vestland	
Til stades:	Bård Sandal, Helene Frihammer, Kathrin Jakobsen, Gisle Nondal, Christian Rekkedal, Rigmor Fardal, Nina Broch Mathisen, Geir Mikalsen, Marit Warncke (delvis), Roger Pilskog, Øystein Høyvik, John Tveit, Lasse Anke Anke Hansen, Vergard Sjursen, Randi Lotsberg, Heidi Bjønnes Larsen,	
Forfall:	Margareth Hagen, Geir Kåre Resaland, Leni Lisæter, Anne Kverneland Boggsnes, Tina Selbæk	Sak:
Møtetid:	Fredag 9. september 2022 kl 10 –1400	Møtestad: Bergen Rådhus

Møteleiar: Bård Sandal

Referent: Gisle Johanson

Sak 23/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak 24/22: Godkjenning av referat 15. juni 2022

Referat frå møte 15. juni 2022 vart godkjent.

Sak 25/22: Næringsutviklingsarbeid i Bergen kommune

Gisle Nondal presenterte organisering og planar for næringsutviklingsarbeidet i Bergen kommune. Bergen sin strategiske næringsplan løp ut i 2020. Kommunen vil legge Fylket sin plan til grunn for næringsarbeidet. Det vert utarbeidd ein handlingsplan som skal sendast ut hausten 2022.

Sak 26/22: Status Grøn region Vestland – Barrierar vi må overstige og kampar vi må vinne

Vegard Sjursen, EY, presenterte bakgrunn for analysen av barrierar og kampar og utfordra partnerskapen på kva som skal vere deira bidrag i dette arbeidet. Han uttrykte uro for at tempo i arbeidet er for lågt og at dei naudsynte vedtak ikkje blir fatta.

Helene Frihammer informerte om planlagd rundebordskonferanse om dei største utsleppspunkta og utfordra partnerskapen til å etablere eit målbilete for kor Vestland skal vere i 2030.

Næringsforum Vestland ber Fylkeskommunen om å setje ned ein arbeidsgruppe som får i oppgåve å operasjonalisere barrierane og lage eit aktørkart for kvar barriere. Det vil verte orientert om status for arbeidet i neste møte.

Sak 27/22 Havbyen Bergen

Prosjektleiar Visar Aarhus og kommunikasjonsrådgjevar Helene Myking presenterte status og planar for Havbyen Bergen.

Dei trakk fram utfordringar knytt til at både Tromsø og Trondheim har ein sterk posisjon og at eit fleirtal av spurte rangerar desse byane føre Bergen som «havbyar».

Fram til nyttår vil det verte laga ein plan for operative tiltak for å synleggjere Havbyen Bergen. Arrangementet Havuken er tidfesta til april 2023.

Prosjektet ønskjer ein tett dialog med partnerskapen i Næringsforum Vestland.

Partnerskapen tok innlegget til Havbyen Bergen til orientering.

Sak 28/22 Berekraftig verdiskaping: status for tiltak i 2022 og prosess med Årsplan 2023.

Randi Lotsberg, VLFK, presenterte planlagd prosess for å lage Årsplan for 2023.

Endeleg frist for Næringsforum å kommentere Årsplan 2023 er 25. oktober.

Medlemmane i Næringsforum vert bedne om å nominere kontaktpersonar i eiga organisasjon innan 15. september.

Sak 29/22 Eventuelt

Forslag til neste møtedato er onsdag 26. oktober. Alternative tider på dagen vert sendt ut på Doodle.

Det vert sendt ut innkalling til møte 13. desember kl 1230-1430 og medlemmane i Næringsforum Vestland er invitert på hyggeleg julemiddag på Bryggeloftet frå kl 1500.